



Meland kommune  
Planavdelinga  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

**Saknr.:** 19-016      **Kommune:** Meland      **gbnr.:** 43/      **Gardsnamn:** Rylandshøgda      **Dykkar ref.:** 16/928-19/20001

## Områdereguleringsplan for Rylandshøgda, gnr.43 – Høyring og offentlig ettersyn

### Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2019/	Inn	30.09.2019	Meland kommune v/ Lennart Falkenberg-Arell	Områdereguleringsplan – Høyring og offentlig ettersyn	SMV

NGIR har mottatt varsel om områdereguleringsplan til høyring og offentlig ettersyn, og har følgjande merknader:

### Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Meland (og NGIR området forøvrig) kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysering må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløyseringar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 8. oktober 2019

*Siv-Merete Vedå*

Siv-Merete Vedå  
-kunderådgjevar -